



NSG
Norsk Sau og Geit

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 2019

Tidspunkt: 1. – 2. Mars 2019

Stad: Thon Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: deltakarar

Representantar frå lokallag : Lokallag representert med stemmerett 23 Røysteføre 45

Representantar frå styret : 6

Innleiarar: Ivar Kvalen, Ordfører i Luster.

Valnemd:

Gjester/Andre : ,

ÅRSMØTEREFERAT

Åpning ved leiar Ragnhild Sæle som ønska velkommen.

Ivar Kvalen, Ordfører i Luster Kommune

Luster kommune: Stor landbrukskommune, og stor på turisme med fjell, fjord og brear. 40 fjelltoppar over 2000m, 3 Nasjonalparker, 15 Klimasoner. 4,1 årsverk på Landbruk og Naturforvaltning. Ein stor kraftkommune. Gode - Kommunale ordningar/tilskot: Lån til driftsbygningar, tunnelldyrking, nydyrking, vatningsanlegg, landbruksvegar/skogsvegar, kjøp av mjølkekvotar. Planlegging (Storfeprojekt, driftsbygningar). Bærplanting (jordbær). Sa litt om produksjonsomfang på kjøtt og mjølk. Geit i Luster. Har godt sauemiljø og avlsmiljø. Årets unge bonde Olav Høyheim Einan kåra blant 300 kandidatar. Sa litt om utmarksressursar, lokalmatproduksjon. Klima i endring med å gå rett i frå 70 års tørkesommar til 200 års flaum i Fortun og Mørkridsdalen. Snakka og om Utfordringar med økonomi, oppretthalde fagmiljø, klimaendringar, utmarksgjerde – manglande gjerdehald. Ferre bønder, ferre å dele sank, gjerder mm. Oppdelt bruksstruktur, mange små bruk. Er ein stolt sauebonde, verdas viktigaste jobb !!

SAKLISTE:

- 1) Namneoppprop. 45 stemmeberettiga.
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Vidar Sandal, Kunne tenkt seg at ein fekk ut årsmøteinnkallinga og årsheftet noko tidlegare. Godkjent.

3) Velje 2 representantar saman med møteleiaren for 2019

til å skrive under møteprotokollen.

Møteleiar: **Geir Ole Ervik**

2 til å skrive under møteprotokoll: **Gunn Sande og John Øvrebø**

Teljekorps : Johannes Nedrebø, Tom Idar Kvam, Svein Helge Hovstad

Leiaren sin tale: Ragnhild Sæle las opp talen. I tillegg har ein oppretta ei Ammegeitgruppe.

Kommentarar til leiarens tale:

Leige av geitemelkkvøte. Erlend Fossen: Kommenterte at leigepris på geitemelkkvøte, bør være ein privatsak. Jo Risløw fordeler og ulemper, kvøteleiga er blitt for høg.

Gjetarhund. Mange som er aktive med gjetarhund og ein arrangerer kurs. Eli Berge Ness, for mykje fokus på konkuranshundar. Gunn Sande: desse undane må ha Bruksprov. Erlend, meiner at det er for mykje fokus på konkuranshund i klasse 3, men slik det er i dag er det mest bruk for ein hund i klasse 1.

Vidar Sandal: Ein bra tale, ein dreg opp mange aktuelle ting. Når det gjeld geit er vi berre 200 geitebønder att i landet.

Vinterlam: Ragnhild Sæle, Eli Berge Ness var i mot vinterlamkonseptet. Skal butikkjedane ha lam om vinteren ha ein avtale på desse.

4) **Handsame årsmelding for 2018**

Kommentarar til årsmeldinga: Eli Berge Ness, Ei fin årsmelding. Kunne sakt litt om desse turane ein har hatt på dag 2.

Vidar Sandal: Kunne teke med meir om henting av ull, forskyva oppmøte for henting av ull (Tek dette med på lokallagas time)

Lars Nesse, bekymra for medlemstalet i sau og geit. Kjem vi under 1000 medlemmer, mister vi 1 stemme til årsmøte i NSG
Færre lokallag, og som ikkje har org.nr. Kanskje slike små kunne slåast i hop.

Gunn Sande: Føler at geitehelga er mest for mjølkegeitprodusentar. Kunne vore meir på ammegeit. Jo Risløw kommenterte: Det er no først at det er danna ei Ammegeitgruppe. Kan tenke seg at geitehelga vert eit samarbeid med begge gruppene.

Årsmeldinga vart godkjent

Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane:

Tom Idar Kvam gjekk gjennom denne. Kommentert at det er mange kåringar, nokon må ha kåringar søndagar, Utfordringar med nok dommarar. Eli Berge Ness sa at Viksdalen har hatt god erfaring med sideaktivitet.

Anders Haugen, kor langt er eim komt med holdbarhetsinndeks. Tom Idar Kvam kommenterte. Registreing av utrangeringsårsaker skal takast inn i indeks for holdbarhet.

Tom Idar sa også litt om Gentesting av værer i ring, og at dette kan bli framtidias utplukk av værer.

Årsmelding avlsutvalet godkjent

Årsmeldinga for geitegruppa:

Jo Risløw gjekk gjennom denne.
Vidar Sandal sa det var ei god årsmelding.
Årsmelding for Geitegruppa godkjent

Årsmelding frå gjetarhundnemnda:

Odd-Jarle Øvreås gjekk gjennom denne. Årsmeldinga godkjent
Gunn Sande: Gjetarhundmiljøet i Sogn o Fjordane er godt. Dei flinke med gjetarhundarbeidet er pådrivarar for dei andre også og er ein ressurs.
Desse er viktige.

- 5) Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2018. Årets resultat – kr 52 318,-
Ingen kommentarar til rekneskapen.
Rekneskapen er revidert og godkjent.

6) Handsame arbeidsplan for 2019

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Arrangere tur i 2019
- Småfesamling 2019
- Medlemsverving
- Geitehelg november 2019
- Samling for lokallaga
- Jordbrukstingingane

Lars Nesse: I tilfelle Sogn og Fjordane og Hordaland slår seg i hop, burde ein ha ei felles leiarsamling. Ragnhild svarte at slik det er no har ein høve til å fortsette som eige lag. Hordaland ynskjer.

Gunn Sande: Kva Hordaland gjer er ein ting, kva seier NSG om dette. NSG sentralt vedtok på årsmøte at det var høve til å være egne fylkeslag.

Gunn Sande meiner ein må vurdere dette i høve overføringar til driftsstøtte til fylkeslaga.

7) Val etter vedtektene.

Innstilling frå valnemnda til årsmøte 2019 Sogn og Fjordane Sau og Geit

Valnemnd: Svein Helge Hovstad, Gloppen, Lars Nesse, Lærdal, Øystein Holsen, Førde

Valnemnda sitt framlegg:

Styre

Ragnhild Sæle, Jølster, leiar	Attval for 1 år	41/4 blank
Thomas Manseth Bjørhovde, Eid	Attval for 2 år	45
Solgun Haugen, Lærdal	Attval for 2 år	44/1 blank
Odd-Jarle Øvreås, Holmedal	Ikkje på val i år som styremedlem	
	Attval som Nestleiar for 1 år.	44
Jo Risløv, Vik i Sogn	Ikkje på val	

Varamedlemmar

1. Jostein Flatland, Sogndal	Attval for 1 år
2. Margrethe Garlid, Stryn	Attval for 1 år
3. Vidar Sandal, Breim	Attval for 1 år

Revisorar

Ove Årdal, Jølster	Attval for 1 år
Inge Erikstad, Jølster	Attval for 1 år

Vara for revisorar

Inge Årdal, Jølster	Attval for 1 år
Jon Helge Sandal, Jølster	Attval for 1 år

Møteleiar 2020

Geir Ole Ervik, Selje	Attval for 1 år
-----------------------	-----------------

Vara for møteleiar 2020

Johannes Gunvordal, Sogndal	Attval for 1 år
-----------------------------	-----------------

Utendingar til landsmøte i NSG

Ragnhild Sæle og Jo Risløv har direkte møteplass pga sentrale verv dei har.

Utendingar

Odd-Jarle Øvreås, Holmedal
Thomas Manseth Bjørhovde, Eid
Solgun Haugen, Lærdal
Jostein Flatland, Sogndal

Varautendingar

1. Tom Idar Kvam, Luster
2. Margrethe Garlid, Stryn
3. Vidar Sandal, Breim
4. Kjell Mardal, Gloppen

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	13000 kr
Godtgjersle til sekretær	7000 kr
Møtegodtgjersle pr heildagsmøte	1400 kr Endra
Telefongodtgjersle til leiar	1000 kr
Telefongodtgjersle til sekretær	500 kr
Telefongodtgjersle styremedlem	500 kr

Køyre- og passasjergodtgjersle etter skattefri del av statens reiseregulativ

8) Velje medlem til valnemnda med vara

Lars Nesse, Leiar
Øystein Holsen
Gunn Sande, Ny

Vara til Valnemnda: Sigurd Vikesland og Ingunn Reme

9) Handsame og vedta budsjett for 2019. Kommentert at ein er skeptisk til eit underskudd i Budsjettet.

Utfordra Avlsutvalet til å komme med forslag på aktivitet som kan fremme rekruttering og dommarkurs.

Kommentert ynskje om vi skal arrangere regionale møter om gjerdehald, lover og reglar, for å få tak i både aktive og passive produsentar.

Dette kan vi diskutere under Lokallagas time. Det vert også tema om dette i morgen.

Gunn: Hadde vore kjekt om styremedlemmer frå fylkesstyre kunne delta på slike møte.

Leif Brekken: Skal ha eit slikt møte i Mars. Odd-Jarle seier det ligg kr 20000,- i budsjettet til stønad til aktive lokallag.

Budsjettet er teke til etterretning

10. Innkomne saker.

- Innspeil til jordbrukstingingane
- Tek forslaget til etterretning.

Sau, Forslag

Utmarksbeite + 80,- som erstatning for (komp for nedgang i slaktetilskudd)

Driftstillegg / bruk. 500., på 1-75 pr.mars

Det er viktig å styrke økonomien i sauehaldet, samtidig som det ikkje skal være produksjonsdrivande.


Geit, Forslag

Kvoteordning for geitemjolk

Driftstilskot til geitemjolkproduksjon bør aukast med kr 50000,-

Helsestatus – Ammegeit. Midlar for å teste ammegeit. Bør skille mellom ammegeit som er frå sanerte geitebuskarar


Johannes Nedrebø
Referent



Geir Ole Ervik
Møteleiar



Gunn Sande
Sign



John Øvrebo
Sign

